

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.00
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	8.6.21	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Tor Olav Kvam, Leif Turlid.

Vara-medlemar

Andre .Håkon Øydvin, Knut Fredrik Øi, Harald Skjerdal

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

21/21, 22/21, 23/21, 24/21, 25/21, 26/21, 27/21

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 21/21. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 18. mai
- 2) 25. mai, e-post Norges fjellstyresamband: Tilskot til friluftstiltak 2021 (15.000)
- 3) Planlagt friluftstiltak for personar med innvandrarbakgrunn 9. august
- 4) Vipps-avtale for fjellstyret oppretta 31. mai
- 5) 4. juni: E-post frå adv. Ove Chr. Lyngholt, advokatfirma Tofte, om fjellstyret som part i erstatningssak for ny 420 kV-line Aurland – Sogndal. **Merknad:** vert teken inn på saklista som sak 27/21.
- 6) Takleggingsarbeidet på Brubotnhytta er i rute innanfor budsjettråma
- 7) Villreinutvalet har hatt ein mann ute og følgt med på kalvinga i Vestfjelli. Omlag 100 kalv sett 5.-6. juni
- 8) Regionmøte i Norges fjellstyresamband vart halde den 4. juni for fjellstyra kring Hardangervidda, på Teams. Harald Skjerdal deltok.

Sak 22/21. Søknad frå jaktlaget i jaktfelt 1 i Nordheimsdalen om å få redusert tildelt kvote

Saksutgreiing vedlagt søknad låg føre.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre avslær søknaden frå jaktlaget til Birger Underdal om å få redusert kvote i jaktfelt 1 i Nordheimsdalen i 2021, grunna at det er eit krevjande terreng å jakta i, og dei fleste jaktlaga som er der treng eit år på å bli kjende og få til effektive jag.

Aurland, den 10.6.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Birger Underdal,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 23/21. Plan for fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning 2021

Saksutgreiing med plan for utsetjinga låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning sommaren 2021 vert gjennomført i samsvar med plan som ligg ved saka. Det vert tinga 5000 setjefisk frå Aurland Setjefisk SA.

Sak 24/21. Småviltjakta i Aurland statsallmenning 2021 – startdato, tal jaktkort, dagskvote

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

- Jakttida for jakt på rype og hare i Aurland statsallmenning for jaktåret 2021/2022 vert 25.9. – 23.12. Jakt på hare kan i tillegg føregå i tida 1.1. - 28.2. For andre artar, som rev, ramn, mår, røyskatt m.fl. gjeld jakttidene som er fastsette av staten.
- Dagskvoten vert fastsett til 2 ryper per jeger (gjeld for kvar kalenderdato, kan ikkje flytta «ubrukt» kvote frå ein dag til neste, eller mellom jegerar).
- Talet på kort som vert lagde ut for sal til utanbygdsbuande jegerar vert sett til 90, fordelt slik:
 - 25 dagskort
 - 25 todagarskort
 - 20 tredagarskort
 - 10 vekekort
 - 10 sesongkort

Derom det vert gjort avtale om sal av kort gjennom turistbedrifter, vert talet på kort selde gjennom Inatur redusert tilsvarende (jakkort til kursdeltakarane på rypejakkurs for jenter vert ikkje rekna med her). I tillegg til tala ovanfor, kjem sal av jaktkort til innanbygdsbuande jegerar gjennom fjellstyrekontoret. Fjellstyret kan, om naudsynt, gjera ei ny vurdering i august av kor mange jaktkort som skal seljast.

Aurland, den 10.6.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 25/21. Plassering av fjellstyret sine bankinnskott med sikte på betre rentevilkår

Saksutgreiing låg føre.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret ynskjer å flytta innskott over til sparekonto med høgare rente, men ikkje å kjøpa andeler i fond.

Samrøystes vedtak:

For å auka avkastinga av fjellstyret sine oppsparte midlar, vert følgjande tiltak sett i verk:

- Fjellstyret opprettar konto hjå Sparesmart.no med eit første innskott på 2 mill. kroner.

Sak 26/21. Trekking av fellingsløyva for villrein

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Trekkinga vert gjort i samsvar med den prosedyren som er skissert i saksutgreiinga. Kvar «dagskortjeger» får disponera kortet 1 jaktdag (ikkje 2, som i 2020).

Sak 27/21. Oreigningsskjønn for ny 420 kV-line Aurland – Sogndal

Det låg ikkje føre noka saksutgreiing til saka.

Handsaming i møtet

Det vart referert ein e-post datert 4.6.21 frå advokat Ove Chr. Lyngholt i advokatfirma Tofte DA som representerer Statnett, der det vert stadfesta at fjellstyret skal vera part i saka. Lyngholt viser til e-post 4.5.21 frå Aurland fjellstyre til tingretten. Fjellstyret vert oppmoda om å engasjera ein av dei to advokatane som allereie er engasjerte til å representera dei saksøkte.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret tek kontakt med advokat Kathrine Lien Mjell i advokatfirma Harris, med omsyn til advokatrepresentasjon i saka.

Aurland, den 10.6.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek